

Zama er flink!


✍ Michael Oguttu

✑ Vusi Malindi


☞ Espen Stranger-Johannessen, Martine Rørstad Sand

🔊 2


💬 nynorsk nn




Veslebror min sov veldig seint. Eg vaknar
tidleg fordi eg er flink!




Eg er ho som slepp sola inn.




«Du er morgenstjerna mi», seier mamma.




Eg vaskar meg sjølv, eg vil ikkje ha hjelp.



Eg toler kaldt vatn og blå stinkande såpe.




Mamma minner meg på tannpussen: «Gløym
ikkje tennene.» Eg svarar: «Aldri, ikkje eg!»




Etter kroppsvasken helsar eg på bestefar og tante og ynskjer dei ein god dag.




Så kler eg på meg sjølv. «Eg er stor no, mamma», seier eg.




Eg kan kneppa knappar og spenna skorne
mine.



Og eg sørger for at veslebror får vita alt nytt
frå skulen.



I timane gjer eg mitt beste på alle måtar.



Eg gjer alle desse gode tinga kvar dag. Men
det eg likar mest, er å leika og leika!



Global Storybooks

globalstorybooks.net

Zama er flink!

✍ Michael Oguttu

& Vusi Malindi

☞ Espen Stranger-Johannessen, Martine Rørstad Sand

